



Haustetilrådingar per 5. sep. 2017 (etter prøveuttaking 4. sep.)

NLR Vest avd. Njøs starta 28.aug. opp med uttak av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. Me nyttar oss i stor grad av same hagane som tidlegare. Dyrkarane må alltid sjølv relatera resultatane til eigen hage og gjera eigne vurderingar og analysar om behov. Fokuset vårt også i år er å koma i gong tidleg med hausting av rett sort til rett tid, noko som både produsent og fruktlager tener på i tillegg til at frukta får optimal kvalitet.

Me gjer i år analysane på måndagane og resultatane bli kunngjort på tysdagen etter på www.sognefrukt.no.

Tips for haustetidsvurderingar og korleis ein skal gå fram for å måla sjølv ligg som tidlegare på Sognefrukt sine heimesider under meny "Medlemsinformasjon". Hå Sognefrukt får ein kjøpt fargevifter for måling av grunnfarge og NLR sel jodløyning (NB! Er ei anna formulering enn den veterinærane brukar) og hefter med rettleiande verdiar for stivetesting.

Hugs at sukkerinnhald aleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fastheit og stiveinnhald. Grunnfargen MÅ også vera på plass før hausting! Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar. Frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer.

Discovery

Det er teke ut prøvar på Slinde, Sogndal, Leikanger og Vangsnes. Resultatane syner i tabellen.

Discovery	Rettlei.					Til Bama*
Dyrkar	Geir Helge Slinde	Ola Aaberge	Terje Fosshagen	Eivind Lidal		
Adresse	Slinde	Sogndal	Leikanger	Vangsnes		
Dato	04.09. 2017	04.09. 2017	04.09. 2017	04.09. 2017		
Fruktvekt	0,141	0,138	0,149	0,149		
Avling	3 til 4	3 til 4	3	3		
Grunnfarge	C2 til C3	C2 til C3	C3	C2		
Fastleik	8,6	8,2	7,8	8,7	7,0-8,0	minimum 7
Ref	10,5	10,6	11,1	11,4		10,8
Stive	6,1	6,3	6,6	5,8	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,134	0,123	0,105	0,132	0,09-0,16	

Glinsande raud,
minimum 3 på
fargeskalaen



Her frå stivnedbryting i Discovery. Dess mørkare snittflate, dess meir stive er igjen og dess meir uferdig er frukta. Verdien for stive blir då sett til ein låg talverdi. Motsett gjeld for lys farge.

Me nyttar plansjar frå tidlegare førsøk for å gjera rette vurderingar.

Grunnfargen er i stor grad komen på plass på nordsida av fjorden (MÅ vera C3!) og verdiane elles indikerer at utorhausting kan byrja. Plukk då berre 10-20% av den finaste frukta først! Nokre hagar har enno litt lågt sukkerinnhald og bra med stive, så kan med fordel tena på å epla henga nokre dagar til.

På Vangsnes bli det teke ny prøve på måndag 11.sep., og utorhausting på sørsida av fjorden kan venta til etter det.

Clara Frijs

Det er teke ut prøvar på Slinde og Nornes på grunnstammen Kvede C. Det er enno for tidleg å hausta desse, vonleg veks pærene også litt i storleik. Nye prøvar vert teke på måndag.

Clara Frijs

Dyrkar	Gunvor Lidal	Harald Nornes	Rettleiande
Adresse	Slinde	Nornes	
Dato	04.09.2017	04.09.2017	
Fruktvekt	0,126	0,128	
Avling	3	2	
Fastleik	6,9	7,2	5,0–6,0
Ref	10,9	10,4	Ikkje def.
Stive	3,2	3,5	4,0–6,0
Streif	0,199	0,198	0,08–0,15



Clara Frijs to
øverste rekker
og Celina to
nederste.

Celina

Det er teke ut prøvar på Slinde (Brokmal) og Leikanger (Kvede C). Me har ikkje noko gode målemetodar for vurdering av Celina enno utanom eit definert fastleikskrav, men jobbar med saken. Pærene er enno for faste og er «uferdige» i smak og utsjånad. Nye prøvar vert teke neste måndag.

Celina

Dyrkar	Gunvor Lidal	Aud Halland Molvik	Rettleiande
Adresse	Slinde	Leikanger	
Dato	04.09.2017	04.09.2017	
Fruktvekt	0,149	0,161	
Avling	2	2 til 3	
Fastleik	6,6	6,8	Minimum 5,5
Ref	10,2	10,1	
Stive	5,9	5,9	
Streif	0,111	0,114	



Summerred

Det er teke ut prøvar på Slinde, Leikanger, Sogndal og Vangsnes for å sjå på status og utvikling av sorten. Her er det enno ei tid fram til hausting, men me ser at farge og grunnfarge kjem no fint. I enkelte hagar er frukta litt lita, så vonleg aukar også storleiken litt fram mot hausting. Nye prøvar vert teke på måndag.

Summerred						Til Rettlei.	Bama*
Dyrkar	Gunvor Lidal	Terje Fosshagen	Jenny M. Y. Mo	Arne Midttun			
Adresse	Slinde	Leikanger	Sogndal	Vangsnes			
Dato	04.09.2017	04.09.2017	04.09.2017	04.09.2017			
Fruktvekt	0,121	0,126	0,108	0,118			
Avling	3,5	3,5	3	3			
Grunnfarge	C3	C3	C1 til C2	C2			
Fastleik	9,5	8,9	9,4	9,8	7,0-8,0	7	min 6-7
Ref	10,6	11,4	9,7	10,1		10,5	
Stive	4	4,5	3,9	4,4	5,0-7,0	5,0-7,0	
Streif	0,224	0,173	0,249	0,221	0,09-0,11		

50% dekkfarge



Frå stivnedbrytinga av Summerred.

Prøvane ligg langsetter i same rekkefølge som i tabellen over. (Dvs. øverste rekka er frå Slinde, rekke nr to er frå Leikanger etc.)



Norsk
Landbruksrådgiving **Vest**

Minner elles om å hugsa lagersprøyting for seine sortar!

Neste prøveuttak blir på måndag 11.september. Då tek me også ut nokre prøvar av gravenstein.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Vest
Marianne Bøthun; tlf: 95290740
Stine Huseby; 48040498